

## Årsmøte i Årdal Hjort- og elgutval

Årdal rådhus 07.03.2016 kl.18:00

16 personar møtte fram.

1. Vidar Moen – ordstyrar, Per Bjørkum - skrivar, Jasmin Eminovic og Vidar Hjelle skriv under møteboka.
2. Leiaren gjekk gjennom årsrapport og jaktstatistikk for 2015. Fellingsprosent, sett-hjort innlevering og kjeveinnsamling har positive resultat. Rapporten vart godkjent.
3. Vedtektene for Hjort- og elgutvalet vart referert.
4. Økonomi - det har ikkje vore kostnader eller inntekter i utvalet i 2015. Saldo på utvalet sin konto er kr. 19.461,99. Budsjett for 2016 vart framlagt der arbeid med bestandsplan for elg og opning av jakt på rådyr var prioritert, kr. 20.000,-. Dette er planlagt finansiert med tilskot frå Viltfondet. Budsjettet var vedteke.
5. Innkomne saker – to saker var komne inn frå Seimsdalen/Hæreid/Nundalen driftsplanområdet:
  - a. Framlegg om arbeid med bestandsplan for elg, og opning for jakt på rådyr
  - b. Endringar i framlegg til vedtekter for Årdal bestandsplanområde

Framlegg a) er dekkja av styret sitt framlegg til budsjett for 2016. Framlegg b) vart handsama i Etableringsmøtet for Årdal bestandsplanområde (sjå møtebok nedanfor).

6. Leiaren gjekk gjennom framlegget til vedtekter og framlegg til bestandsplan for området. Framlegga har vore tilgjengelege for alle valdansvarlege sidan tidleg januar, og det har vore høve til å kommentere på innhaldet. Det er ikkje kome andre innspel enn framlegga frå Seimsdalen/Hæreid/Nundalen (sjå ovanfor) i høyringsperioden.

Møtelyden drøfta ulike sider av bestandsplanen, og følgjande hovudpunkt vart notert:

  - a. Planen gjer ikkje greie for omfattande beiteskader av hjort på innmark i indre Ofredal, konsekvensar av det for tildeling av løyver der. Beiteskader er rapportert til Landbrukskontoret gjennom fleire år. Samarbeid med Luster må truleg til for å løyse problem med beiteskader vår/haust.
  - b. Vårteljning på ulike tidspunkt om våren kan være god dokumentasjon på skade og tettleik. Dette kan med fordel organiserast av driftsplanområda som kjenner lokale tilhøve
  - c. Data om påkøyrslar er ikkje korrekt, og må oppdaterast
  - d. Høgdegrensa på 900 m vart kommentert, endring av denne vil ikkje føre til større totaluttak planlagt
  - e. Kjønnsbalanse i uttak vart drøfta, planen legg opp til 50/50

7. Val – leiarane med varafolk i Driftsplanområda utgjer styret i Elg- og hjorteutvalet:

| <b>Driftsplanområde</b>    | <b>Leiar</b>     | <b>Vara</b>           |
|----------------------------|------------------|-----------------------|
| Ofredal                    | Endre Offerdal   | Jacob Lemvik          |
| Seimsdalen/Hæreid/Nundalen | Vidar Moen       | Jostein Granby        |
| Fardalen                   | Jostein Holsæter | Sverre Willy Johansen |
| Utladalen                  | Vidar Hjelle     | Per Avdal             |
| Eldegarden                 | Jasmin Eminovic  | Kjell Clausen         |
| Vikadalen                  | Per Bjørkum      | Ole Bjarne Hovland    |

8. Årsmøtet vart avslutta, og ein gjekk over i Etableringsmøte for Årdal bestandsplanområde for hjort.

Per Bjørkum – ref.

Vidar Hjelle (sign)

Jasmin Eminovic (sign)

# Etableringsmøte - Årdal bestandsplanområde for hjort

Årdal rådhus 07.03.2016

16 personar møtte fram. Til handsaming låg det føre framlegg til vedtekter og bestandsplan 2016-2018. Målet med møtet var å formelt etablere bestandsplanområdet med a) medlemmer (vald), b) vedtekter, c) bestandplan og d) styreleiar og revisor

1. Vidar Moen – ordstyrar, Per Bjørkum - skrivar, Jasmin Eminovic og Vidar Hjelle skriv under møteboka.
2. Liste med godkjende hjortevald i Årdal kommune vart sendt rundt for underskrift av valdansvarlege. Alle frammøtte skreiv under, og dei som ikkje møtte hadde gjeve melding til leiaren i Elg- og hjorteutvalet om at dei sluttar seg til det nye bestandsplanområdet.
3. Møtet drøfta vidare innspela som var komne på framlegg til vedtekter og bestandplan. Etter ei grundig drøfting der ulike omsyn vart vektlagt kom møtet fram til følgjande:  
Framlegget til vedtekter og driftsplan for Årdal bestandsplanområde slik det ligg føre, vert lagt til grunn for skiping av Årdal bestandsplanområde og drift det fyrste året. Innspela som er komne fram i årsmøte i Elg- og hjorteutvalet (sjå ovanfor) skal arbeidast vidare med i det nye styret, og resultatet av dette arbeidet vert lagt fram på årsmøte i Bestandsplanområdet i 2017.  
Årdal Bestandsplanområde for hjort vart såleis vedteke etablert med tilslutning frå alle hjortevalda i Årdal kommune.
4. Vedtektene seier at styret i Bestandsplanområdet er sett saman av leiarane i Driftsplanområda med tilhøyrande varafolk slik:

| Driftsplanområde           | Leiar            | Vara                  |
|----------------------------|------------------|-----------------------|
| Ofredal                    | Endre Offerdal   | Jacob Lemvik          |
| Seimsdalen/Hæreid/Nundalen | Vidar Moen       | Jostein Granby        |
| Fardalen                   | Jostein Holsæter | Sverre Willy Johansen |
| Utladalen                  | Vidar Hjelle     | Per Avdal             |
| Eldegarden                 | Jasmin Eminovic  | Kjell Clausen         |
| Vikadalen                  | Per Bjørkum      | Ole Bjarne Hovland    |

Per Bjørkum vart vald til leiar, og Jørgen Asperheim vart vald til revisor.

Møtet slutt kl. 21:30.

Per Bjørkum – ref.

Vidar Hjelle (sign)

Jasmin Eminovic (sign)